

Kinsarvik 11.12.2025

Stadfesting av drift for Turistbåtruta på Hardangerfjorden i 2026

Fylkestinget i Vestland gjorde 9. desember 2025 eit viktig vedtak for vidare utvikling av reiselivet og det grønne reisemønsteret i Hardanger. Etter innstilling frå fleirtalspartia vert følgjande stadfesta:

Turistrute Hardanger

Fylkestinget har merka seg det positive arbeidet som er gjort lokalt for å sikra medfinansiering av turistbåtruta på Hardangerfjorden for sesongen 2026. I tillegg til den føreslegne takstauken på billett, bed Fylkestinget om at hovedutval for Næring løyver kr 500 000 innan utvalet sitt ansvarsområde, slik at båtruta er fullfinansiert kommane sesong.

Skyss ved direktør Målfrid Vik Sønstabø og leiar Karl Inge Nygård stadfestar vedtaket i brev datert 11.12.2025;

Skyss vil rette ein stor takk for det engasjement som vart vist frå kommunar og næringsliv på dialogmøtet i Eidfjord 18. september, og det målretta arbeidet som har vore frå mange aktørar i Hardanger etter dialogmøtet for å sikre at ruta går i 2026 òg.

Skyss vil med dette stadfeste at ruta med den skildra finansieringa vil bli vidareført i 2026. Marknadsføring av tilbodet for 2026 vil no bli sett i verk av operatøren av ruta.

Hardangerrådet vil retta ei stor takk til Vestland fylkeskommune for ekstraløyvinga og til Skyss for handsaminga.

Samstundes vil vi uttrykkja djup takksemd til dei lokale aktørane som har bidrege til å sikre finansieringa for 2026:

- Sparebankstiftinga Hardanger
- Eidfjord kommune
- Ullensvang Kommune
- Ulvik Kommune
- Kvam Kommune
- Fjordtind Hotels med hotella Hardangerfjord, Brakanes, Vøringfoss
- Norsk Natursenter, Eidfjord
- Hotel Ullensvang
- Utne Hotel
- Kjærtveit Camping
- Ulsnes Gard
- Hardanger Fjordsafari
- Hardangerfjord Adventures
- Frukt & Siderruta ved Lekve, Syse og Hakastad
- Folgefonni Breførarlag

Skyss har òg motteke bekrefting frå Norled om at dei startar marknadsføring av tilbodet for 2026, med ein prisauke på 10 % frå 2025-nivået. Hardangerrådet vil i 2026, saman med Visit Hardangerfjord og reiselivsnæringa, arbeida tett med Norled for å styrkja marknadsføring og produktutvikling. Målet er å auka talet på reisande frå 20 000 til 30 000 i løpet av 2026-sesongen.

Vidare vil Hardangerrådet i 2027, i samarbeid med andre aktørar, arbeida for å etablera ei kommersiell rute på Hardangerfjorden. Dette forarbeidet startar allereie i veke 51.

***Hardangerfjorden har alltid vore – og vil alltid vere –
ein naturleg samferdselsveg i Hardanger***

Med fellesskap, lokal vilje og regional støtte sikrar vi no vidare utvikling som kjem
både lokalsamfunn, reiseliv og framtidige generasjonar til gode.

Hardangerrådet iks
Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar

på veggen av kommunane
Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik

